

Hallo i nedslagsfeltet!

No er eg nettopp komen heim frå Stryn (Oppstryn), der vi har sommarhuset vårt. Sjølv om vêret ikkje var på sitt beste, fekk vi likevel sneke inn nokre turar. Og sidan det ikkje er so alt for langt å køyre, fór vi like gjerne på Galdhøpiggen! Stas å stå på toppen av Noreg.



På veg opp



På toppen!

Fjella i området blei hyppig besøkt den eine finevêrs-veka vi har hatt til no. Vi har vore på Slogen, Sætreindane, Ystevasshornet, Holetindane, Gullmorhornet, samt Koppen og Tretindane. Fantastisk fint!



Frå Slogen



Frå Sætreindane



Solveig på Tretindane

Onsdag får eg besøk frå Nora frå Stavanger. Får nytte sjansen til å vise ho litt ekte natur. Om berre vêret tillèt det, har vi allereie ein del toppturar planlagde!

No nyt eg ferielivet på Brunstad, ser etter sauene og kvigene, og trenar jamnt. Trimpostane blir også ofte besøkte! 19. august blir det Skåla Opp, rett nok trimklasse. Håpar dei 8 kilometerane og meir enn 1800 høgdemeterane ikkje blir så altfor tunge.

Mi personlege form på ein skala frå 1 til 10 er i skrivande stund vurdert til:
6,9